



Statens vegvesen

REGULERINGSPLANFORSLAG

Planomtale



Prosjekt: Detaljregulering - Flaumløp E16 Hylland

Aurland kommune

Drift og vedlikehold
Leikanger kontorstad
07.06.2021

Innhold	
1 Innleiing	2
2 Planområdet og vurdering av tiltaket	3
2.1 Omtale av planområdet.....	3
2.2 Eiendommer som er omfatta av planarbeidet.....	4
2.3 Målsetjing med planarbeidet.....	4
2.4 Konsekvensutgreiing	4
2.5 Landskapsbilete	4
2.6 Naturmangfold	5
2.7 Kulturarv.....	6
2.8 Geologi og grunnforhold	7
2.9 Støy	7
2.10 Risiko, sårbarheit og sikkerheit – ROS analyse	7
2.11 Ytre miljø.....	8
3 Planoppstart	9
3.1 Merknader	9
Vedlegg	9

1 Innleiing

I samsvar med plan- og bygningslova § 3–7 har Statens vegvesen i samarbeid med Aurland kommune, utarbeida detaljreguleringsplan for Flaumløp E16 Hylland.

Oppstart av planarbeidet blei i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-8 og § 3–7-annonsert i Sogn Avis 08.02.2021. Varsel om oppstart av reguleringsplanlegging vart sendt i brev til offentlege instansar, grunneigar og andre berørte partar.

Statens vegvesen har ansvaret for planarbeidet til og med merknadshandsaming etter høyringsperioden. Deretter mottok Aurland kommune planomtale, plankart og reguleringsføresegner til politisk handsaming.

Planforslaget er sendt på høyring.

Varsel om offentlig ettersyn er kunngjort i Sogn Avis. Grunneigar og offentlege instansar har fått skrifteleg melding om dette.

Planforslaget ligg på heimesida til: Aurland kommune og Statens vegvesen.

Planforslaget består av følgjande deler:

- Plankart R1
- Reguleringsføresegner
- Planomtale

Eventuelle merknader til planforslaget må innen 15.08.2021 sendast skriftleg til:

Statens vegvesen
Pb.1010
Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

eller

firmapost@vegvesen.no

Kontaktperson i Aurland kommune: Ingunn Bårtvedt Skjerdal, e-post:


ingunn.skjerdal@aurland.kommune.no

Kontaktperson i Statens vegvesen: Gun-Mari Ødegård, tlf. 97 73 88 44, e-post:

gun-mari.odegard@vegvesen.no

2 Planområdet og vurdering av tiltaket

2.1 Omtale av planområdet



Oversiktskart over planområdet.

Planområdet ligg i Nærøydalen som er eit verdsarvområde. Området er avgrensa av E16 mot nord og plangrensa er samanfallande med grensa for Nærøyfjorden landskapsvernområde mot sør. Nord for E16, renn Nærøydalselva som er verna vassdrag.

Planområdet er eit flaumløp tett inntil E16. Tidvis rasar det og ut på E16.



Oversikt over flaumløpet.

2.2 Eiendommer som er omfatta av planarbeidet

Ein eigedom er berørt av planen, gnr.61, bnr.2 i Aurland kommune.

2.3 Målsetjing med planarbeidet

Formålet med planen er å regulere eit område der det er skredfare og flaumløp inntil E16. Statens vegvesen har behov for å vedlikeholde og rydde flaumløpet med visse mellomrom. E16 er ein viktig hovudveg mellom Bergen og Oslo og det er viktig at denne vegen er mest mogeleg open for fri ferdsel. Regulering av området til vegformål vil vere grunnlag for å erverve arealet.

2.4 Konsekvensutgreiing

Tiltaket er ikkje KU-pliktig.

2.5 Landskapsbilete

Nærøydalen er ein djup dal med elv og flater i botn. Det er nokre få gardsbruk med busetnad i området. Dalsidene er bratte og utilgjengelege. Planområdet er ei bratt ras-vifte der det stadig kjem nye ras.

Tidvis, når det har komme ned mykje stein er det behov for å rydde og tømme flaumløpet for å unngå at det rasar inn på E16. Området som ein ryddar og tek ut stein ifrå, vil vere

utanfor vernegrensa slik at verneområdet ikkje vil bli påverka av tiltaket. Etterkvart som det rasar stein vil terrenget og flaumløpet endre seg. Når ein tek ut stein i området vil ein prøve og dandere terrenget tilbake til den utforminga flaumløpet skal ha for å fungere best mogeleg. Steinen blir køyrt bort frå området.

2.6 Naturmangfold

Det er føreteke søk i relevante databasar som Naturbase og Artskart, det er ikkje vore synfaring i området. Planområdet er eit flaumlauf som i hovudsak består av stein i ulik storleik og litt vegetasjon. Planområdet ligg i Nærøydalen som ligg innanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap som ligg på UNESCOs verdsarvliste.

Planområdet grensar til Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller rødlista artar innanfor planområdet. Dersom det vert aktuelt med arbeid i flaumlaufet ovanfor plangrensa innanfor landskapsvernområdet, må det søkjast om dispensasjon frå verneforskrifta for tiltaket til Nærøyfjorden verneområdestyre. Ved ras skal området ryddast for stein. Det vurderast at tiltaka som er nødvendige for å rydde opp ved ras ikkje vil ha negativ innverknad på vernestatusen til landskapsvernområdet.

Nærøydalselvi renn forbi planområdet nord for E16. Elva er eit nasjonalt laksevasdrag som er lakseførande på strekninga og den renn ut i Nærøyfjorden. Ved større ras kan det rase steinmassar ut i elvelaupet. Det er viktig å hindre forureining i elva blir ved opprydding ved steinmassar i området mellom E16 og vasskanten. Dette vil spesifiserast og sikrast i driftskontrakten sin plan for ytre miljø. Det bør leggast til rette for reetablering av kantvegetasjon dersom denne blir fjerna som følgje av ras.

Steinmassane frå ras vil bli køyrt bort og lagra. Dette området ligg ikkje innanfor verneområde.

Vurdering av naturmangfaldslovens §§ 8–12

§8 Kunnskap om naturmangfald i området

Det vurderast at kunnskapen om naturmangfaldet i planområdet er god.

§9 Om føre-var-prinsippet

Det vurderast at føre-var-prinsippet ikkje er aktuelt sidan det vurderast at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og at det ikkje føreligger en risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet i planområdet.

§10 Samlet belastning på naturmangfaldet i planområdet


Planlagde tiltak som følge av reguleringsplanen vurderast å ikkje ha negativ påverking på naturmangfaldet i området og det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak som vil gi økt belastning på naturmangfaldet i området.

§11 Kostnader ved miljøforringelse

Statens vegvesen som tiltakshavar dekker utgifter knytt til avbøtande miljøtiltak for å redusere skade på naturmangfaldet. Dette gjelder for eksempel tiltak for å ivareta Nærøydalselvi under opprydding.

§12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Det skal veljast teknikkar og metodar som minimerer skade på naturmangfaldet. Eventuelle midlertidige masselagring, oppstilling av maskinar skal ikkje skje på ein måte som kan føre til at dei forringar naturmangfaldet eller forureinar.



Skissa viser planområdet med grøn skravur og verneområdet med brun skravur.

2.7 Kulturarv

Det er ikke registrert kulturminner innenfor reguleringsplanområdet. Øst for planen ligger et bevart strekke av Postvegen/kongevegen igjennom Nærøydalen (id273709). Kongevegen har fortsatt inn mot planområdet, men er nå tapt enten pga. av ras eller vegutviding. Potensialet for ukjente automatisk freda kulturminner er definert til null.

2.8 Geologi og grunnforhold

Det har vore fleire hendingar i samband med flaumskred. Geologi er omtala i notat C13637-SKRED-02.

I dette notatet er det omtalt to alternativ for å sikre mot gjentakande flaumskred.

I notatet er det tilrådd at ein fortsetter med den praksis som har vore. Rydde bort massar frå det etablerte flaumskredløpet for å gje plass til nye flaumavsetningar.

2.9 Støy

Det er ikkje laga støysonekart i samband med denne reguleringsplan. Området som blir regulert er eit rasområde og ingen personar skal opphalde seg der. Det er ingen bustader i nærleiken.

Statens vegvesen har utarbeida støyvarselkart langs riks- og fylkesvegnettet i samsvar med *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*(T-1442). Støyvarselkarta viser ein prognosesituasjon 15–20 år fram i tid. Raud sone viser utrekna støynivå $L_{den} > 65\text{dB}$ og gul sone har $L_{den} > 55\text{dB}$. Kartet under er kopiert frå støyvarselkartet.



Støyvarselkart utarbeida av SVV viser støynivået forbi planområdet.

2.10 Risiko, sårbarheit og sikkerheit – ROS analyse

Når det går ras er det behov for å rydde i flaumløpet slik at det ikkje kjem steinmassar inn på E 16. Det er derfor gjort ROS for driftsfasen av planområdet. Dei alvorlegaste hendingane som vart avdekka ved ROS knytta til området er ved arbeid og reinsking.

1. Under reinsking og rydding i flaumløpet kan det komme nye ras. Dette kan ei stor fare for personar som oppheld seg i rasområdet. Maskiner kan også bli øydlagde.

Avbøtande tiltak kan vere: God avrenning før arbeid, vurdere vertilhøve før arbeid, organisering av arbeidet. Geologisk vurdering, ved snø vurdere snøskredfare, forholde seg til prosedyre for rydding av skred.

2. Det kan også oppstå lekkasje av olje og drivstoff på anleggsmaskiner under arbeid. Dette kan føre til skade på miljøet. Avbøtande tiltak kan vere: Stille krav til nyare maskiner, tilgang på absorberande strømiddel, tilsyn på maskiner ved oppstart kvar dag.
3. Ved arbeid i flaumløpet vil det kunne vere anleggsmaskiner og bilar som køyrer inn og ut av området. Det kan vere fare for at bilar på E16 kolliderer med anleggsmaskiner. Avbøtande tiltak kan vere: Trafikkdirigering, lysregulering.

Det vart ellers avdekkja fleire mindre alvorlege hendingar som kunne skje. Alle hendingane er omtala i rapporten for ROS som er vedlagt planen.

2.11 Ytre miljø

Tabell 1. Innspel til YM-plan

Tema	Problemstilling/vurdering
Spreiing av framande skadelege artar slik at stadeige biologisk mangfald vert konkurrert ut Forskrift om fremmede organismer og Statens vegvesens rapport Nr. 387 Fremmede skadelige arter – oppfølging av lovverk (vegdirektoratet 11/2016)	Det er ikkje registrert framande skadelege artar. Framande skadelege artar med omsetjingsforbod, jf. forskrift om framande organismar, skal ikkje spreiest i eller ut av planområdet, og om mogleg fjernast i anleggsområdet.
Kulturminne og kulturmiljø	Om det blir oppdaga kulturminner i samband med rydding av ras, skal ein forholde seg til § 4.1 i føresegnene

3 Planoppstart

3.1 Merknader

I samband med at det vart varsla reguleringsplanarbeid kom det inn 4 merknader.

Nærøyfjorden verneområdestyre:

I planen må det vurderast om tiltaka kan få innverknad på verneverdiane i landskapsvernområdet, og eventuell vurderer kva vilkår som bør setjast for å unngå negativ verknad på verneområdet, jf. naturmangfaldlova § 49. Utover desse presiseringane, har Nærøyfjorden verneområdestyre ingen merknader til planen.

Kommentar: Arbeid med rydding og reinsking i flaumløpet skal føregå innanfor planområdet som ligg utanfor verneområde. For å unngå å komme inn i verneområde når ein ryddar i øvre del av rasområdet må ein markere grensa, ved å bruke GPS i maskina, sette ut grensa eller tilsvarende. Det kan vere ein fare for forureining frå anleggsmaskiner under arbeid. Avbøtande tiltak er omtala under kap.3, ROS.

Vestland fylkeskommune:

Dei har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminner i planområdet. Dei ber at det under arbeid ikkje blir gjort skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre veger/stiar, bakkemurar, tufter osv. Dei har ingen merknader på noverande stadium i planprosessen.

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på verneområdet, verna vassdrag og tilhøyrande grøn struktur, kulturminne, landskapsvern og verdsarvområde.

Kommentar: Det kjem ikkje til å føregå arbeid med rydding av flaumløp og reinsking av massar anna enn innanfor planområdet. Massane blir transporterte bort frå området og lagra i eit område utanfor verneområdet i Voss kommune.

Statens vegvesen, Divisjon for Transport og samfunn, Transport vest:

Ingen merknad.

NVE:

Generelt innspel, ingen spesielle kommentarar til oppstartsvarelet.

Vedlegg

ROS

Arealoversikt



Statens vegvesen
Pb. 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer

Tlf: (+47)22073000
firmapost@vegvesen.no

vegvesen.no

Trygt fram sammen